| 3         | <b>Tilpassa opplæring og spesialundervisning</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Regeletterleving</li><li>• Forholdet mellom skule og OT/PPT</li></ul>                                                         |
| 4         | <b>PPT</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Kapasitet og kompetanse</li><li>• Regeletterleving</li></ul>                                                                      |
| 5         | <b>Psykisatri</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Kapasitet</li><li>• Regeletterleving</li><li>• Samhandling med andre relevante instansar</li><li>• Rushandtering</li></ul> |

## GRUPPE 2

| Prioritet | Prosjekt                                                                                                                                                                                                                 |
|-----------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1         | <b>Internkontroll</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering, system og rutinar</li><li>• Regeletterleving</li></ul>                                                                                       |
| 2         | <b>Rehabilitering</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Regeletterleving</li><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Spesielt fokus på tilbod til sårbare og tyngre gruppe (ved uskriving frå sjukehus).</li></ul> |
| 3         | <b>Læringsmiljø i grunnskulen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kartlegge fysiske og sosiale forhold som påverkar trivsel og læringsmiljø</li><li>• Brukarundersøking</li></ul>                                |
| 4         | <b>Sjukefråvær</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar for førebygging og oppfølging av sjukefråvær</li></ul>                                                                                      |
| 5         | <b>Legetenester</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar av administrative oppgåver</li><li>• Samordning mellom lege og sjukehus (epikrise)</li></ul>                                         |

*Kontrollutvalets budsjett tilseier at det vert gjennomført eitt til to prosjekt årlig i planperioden.*

Arkivsak : 200800159  
Arkivkode : E: 144  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

|                                                         |                               |                                   |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------|
| <b>Behandles av utvalg:</b><br>Kontrollutvalget i Klepp | <b>Møtedato</b><br>24.11.2011 | <b>Utvalgssaksnr.</b><br>33 /2011 |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------|

## **NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON - FRAMDRIFTSPLAN**

### **Bakgrunn:**

Forskrifta<sup>1</sup> slår fast at kontrollutvalet minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av ”kommunestyret sjølv”, som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Planen skal baserast på ein overordna analyse av kommunens eller fylkeskommunens verksemd ut frå risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorar og verksemdar. Ein slik analyse er bestilt av tidligare kontrollutval, Analysen vert utarbeidd av revisor.

### **Saksutredning:**

Det er viktig for kontrollutvalet å få innspel til aktuelle prosjekt som til slutt skal prioriterast i planen, både frå revisor, frå kommuneadministrasjonen og frå sentrale politikarar. Det bør derfor utarbeidast ein plan for korleis kontrollutvalet ønskjer å få innspel frå desse, samt for korleis utvalet i samarbeid med revisor skal vera med på å leggja grunnen for dei endelige prioriteringane av prosjekter i den endelige planen.

Aller først vil revisor halda eit innleiande prosessmøte med kontrollutvalet, der risikospelet er ein vesentleg del. I første omgang vil ein vere mest opptatt av kontrollvalsmedlemmene sine egne erfaringar og innspel.

Deretter skal kontrollutvalet få innspel til planen frå både administrativ og politisk leing i kommunen. Dette kan skje anten ved at desse blir invitert til å koma med sine innspel direkte til kontrollutvalet i eit møte, eller ved at revisor kontaktar desse ved å sende ut eit spørjeskjema/foreta intervju med aktuelle personar. *Kva metode som skal brukast her er det opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma.*

Når det har kome innspel til planen frå alle dei aktuelle aktørane, vil revisor samanfatta desse i ein oppsummert overordna analyse som vert lagt fram for kontrollutvalet. Ut frå denne analysen vil utvalet så prioritera kva for prosjekt som er mest aktuelle til å ha med i planen ut frå risiko- og vesentlighetsvurderingar.

Sekretariatet har sett opp eit forslag til framdriftsplan for dette arbeidet i forslag til vedtak.

---

<sup>11</sup> Forskrift om kontrollutvalg § 10

VEDTAK:

Kontrollutvalet vil behandla sak om ny Plan på forvaltningsrevisjon på følgende måte:

- Møte i mars                      Innleiande prosessmøte, risikospel. Innspel frå kontrollutvalets medlemmer.
- Mai/juni:                         Innspel frå administrativ og politisk leing.  
Kontrollutvalet ønskjer å gjennomføra dette ved at
- desse vert invitert til møte med kontrollutvalet - eller
  - revisor sender ut spørjeskjema/foretar intervju med dei aktuelle
- Møte i juni:                      Samanfatta overordna analyse vert lagt fram for kontrollutvalet av revisor. Kontrollutvalet startar arbeidet med prioriteringar til planen.
- Møte i sept.:                    Første utkast til plan vert presentert for kontrollutvalet, som foretar sine endelege prioriteringar og evt. vedtar planen
- Møte i nov.:                    Siste frist for kontrollutvalet for å vedta planen

SANDNES, 03.11.2011

Wencke S. Olsen  
Skr.leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

|                                                         |                               |                                   |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------|
| <b>Behandles av utvalg:</b><br>Kontrollutvalget i Klepp | <b>Møtedato</b><br>24.11.2011 | <b>Utvalgssaksnr.</b><br>34 /2011 |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------|

## **MØTEPLAN FOR 2012**

### **Bakgrunn:**

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (5 møter pr. år) er det sett opp forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2012. Møta vil som før holdast kl. 16.00 på torsdagar. Dersom det blir behov for færre/evt. ekstra møte, kan møteplanen bli endra.

### **Saksutredning:**

På møtet om våren behandlar alltid kontrollutvalet kommunens årsmelding og rekneskap. I følge forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak i denne saka før den er behandla i kontrollutvalet. Dato for dette møtet vil derfor alltid vera avhengig av når det er planlagt behandling av årsmelding og rekneskap i formannskapet.. Behandling i kontrollutvalet vert foreslått til 19. april, som er ei og ei halv veke etter påske. Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gitt beskjed om dette så snart det er kjent.

Forslag til

### **VEDTAK:**

Kontrollutvalet vedtar følgjande møteplan for 2012:

| <b>MØTE</b>        | <b>TIDSPUNKT</b> | <b>MERKNADER</b>     |
|--------------------|------------------|----------------------|
| Torsdag 01.03.2012 | Kl. 16.00        |                      |
| Torsdag 19.04.2012 | Kl. 16.00        | <i>Kan bli endra</i> |
| Torsdag 14.06.2012 | Kl. 16.00        |                      |
| Torsdag 06.09.2012 | Kl. 16.00        |                      |
| Torsdag 29.11.2012 | Kl.16.00         |                      |

SANDNES, 05.11.2011

Wencke S. Olsen  
Sekr.leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800159  
Arkivkode : E: 144  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

|                                                         |                               |                                  |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------|----------------------------------|
| <b>Behandles av utvalg:</b><br>Kontrollutvalget i Klepp | <b>Møtedato</b><br>24.11.2011 | <b>Utvalgssaknr.</b><br>35 /2011 |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------|----------------------------------|

## **KONTROLLUTVALETS ÅRSPLAN FOR 2012**

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsplan for kontrollutvalet i Klepp for 2012. Planforslaget vert lagt fram for kontrollutvalet til godkjenning.

### **Saksutgreiing:**

Planen byggjer på kontrollutvalet sine lovfesta arbeidsoppgåver, samt på vedtekne planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Utvalet har fått delegert fullmakt til å oppdatera plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Som nemnt i tidlegare sak skal det i løpet av 2012 utarbeidast nye planar.

Alle tiltak kontrollutvalet set i gang for 2012 må i tillegg sjåast i samanheng med tilgjengelige midlar i budsjettet.

Dersom kontrollutvalet ønskjer endringar i forslag til årsplan for 2012, vil sekretariatet innarbeida desse endringane i planen før den vert vidaresendt til kommunestyret.

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp vedtar den framlagde årsplanen for 2012.**

**Planen vert vidaresendt kommunestyret til orientering.**

SANDNES, 04.11.2011

Wencke S. Olsen  
Sekr.leder

Vedlegg:  
[Forslag til årsplan for 2012](#)

[Tilbake](#)

**2012**



# Kontrollutvalet i Klepp - Årsplan



**Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS**

01.01.2012

## Innleiing

Det er kommunestyret har det øvste ansvar for kontroll og tilsyn i kommunen. I tillegg skal kommunestyret velja eit kontrollutval som skal ha ansvar for kontroll og tilsyn på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet rapporterer direkte til kommunestyret.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp eit kvart forhold som kan knytast til kommunens verksemd så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Utvalet utøver sitt tilsyn med administrasjonen ved å ha tilgang til alle dokument, og dei som er unnateke offentlighet. I tillegg kan rådmannen inviterast til å gjera greie for saker. Tilsynet med det politiske nivået vert utøvd ved at utvalet har møterett i alle politiske utval, og dersom møta vert halde for lukka dører/behandlar saker som er unnateke offentlighet.

Det er likevel to viktige avgrensingar:

1. Kontrollutvalet kan ikkje overprøva politiske vurderingar
2. Kontrollutvalet har ikkje tilsynsansvar for kommunestyret<sup>1</sup>

## Mål for kontrollutvalet i Klepp

Kontrollutvalets mål er på vegne av kommunestyret å sjå til at kommunen følgjer lovar og regler samt følgjer opp kommunestyret sine vedtak. I tillegg er kontrollutvalets mål å sjå til at verksemda er målretta, effektiv og etisk til beste for kommunens innbyggjarar.

Kontrollutvalet ønskjer å ha god kontakt både med kommunestyret og det politiske miljøet, samt med kommunens administrasjon. Gjennom denne dialogen ønskjer kontrollutvalet å få innspel som kan nyttast til beste for kommunen.

## Saksbehandlinga i kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Klepp held sine møte for opne dører. I tillegg vert innkallingar/saker og protokollar lagt ut på kommunens heimesider. Innkalling og protokoll vert og sendt til ordførar og rådmann.

Kontrollutvalet har fastlagt sin møteplan for hele året, og har for 2012 planlagt 5 møter. Ekstra møte kan haldast ved behov. Møteplanen vert og lagt ut på kommunens nettsider. Medlemmene vert kalla inn til møte av kontrollutvalets sekretariat i samarbeid med leiar av utvalet. Sekretariatet har ansvar for at kontrollutvalets saker er forsvarlig utgreidd og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

## Kontrollutvalets oppgåver

### Kommunens rekneskap, budsjett og internkontroll:

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunens rekneskap vert revidert på ein betryggande måte. Kontrollutvalet skal og gi uttale til kommunestyret om årsrekneskapen. Denne uttalen skal vera kjent for formannskapet før det vert gitt innstilling til kommunestyret i saka.

Kontrollutvalets tilsyn inkluderer i tillegg m.a.:

- Følgja med på kommunens økonomistyring og budsjettdisiplin i løpet av året via kommunens tertialrapportering
- Følgja opp revisors merknader til rekneskap og internkontroll
- Følgja med i revisors arbeid via revisors rapportering i samband med årsoppgjeret og i samband med orientering om planlegginga av komande revisjonsår
- Få årleg orientering om skatterekneskapet, skatteoppkrevjars melding og kontrollrapport frå Skatteetaten.

---

<sup>1</sup> Kontrollutvalg kan likevel seie frå til kommunestyret dersom dei er i ferd med å fatte eit ulovlig vedtak

### **Utarbeiding av nye planer for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**

Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll skal iflg. forskrifta utarbeidast minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at nytt kommunestyre er konstituert. Planen vedtas av kommunestyret sjølv som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden. Slik delegasjon har blitt gitt av kommunestyret i forbindelse med godkjenning av tidligare planar.

Plan for forvaltningsrevisjon bygger på ein overordna analyse som kontrollutvalet har bestilt frå revisor. Det er forventa at denne vil liggja føre til i løpet av vinter/tidleg vår 2012.

Kontrollutvalet vil i løpet av 2012 vedta nye planar for både selskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Planane må sluttbehandlast av kommunestyret. Kontrollutvalet planlegger i den forbindelse dialog med både det politisk miljøet og med kommuneadministrasjonen, der man ber om innspel til planen.

Alle bestillingar/aktivitet i høve til siste vedtekne plan må sjås opp mot vedtatt budsjett for 2012.

### **Forvaltningsrevisjon**

Ifølgje lovreglane skal kommunen gjennomføra årleg forvaltningsrevisjon. Prosjekt for forvaltningsrevisjon vert bestilt av kontrollutvalet i tråd med vedtatt plan.

Oppgåva omfattar:

- Bestilla prosjekt for levering i 2012 ut frå vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon og gjeldande budsjett
- Behandla gjennomført forvaltningsrevisjon og foreta innstilling til kommunestyret
- Følgja opp tidlegare behandla rapporter dersom slik oppfølging vedtas av kommunestyret. Aktuell rapport for oppfølging i 2012 er:
  - **Prosjektstyring**

Kontrollutvalet har i høve til vedtak i kommunestyret fått delegert fullmakt til å fråvika oppsette prioriteringar i vedtatt plan dersom nye og meir aktuelle prosjekt skulle dukka opp.

### **Selskapskontroll**

Kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med korleis kommunens interesser i selskap vert forvalta (obligatorisk eigarskapskontroll). Kontrollutvalet skal med bakgrunn i vedtatt plan bestilla selskapskontroll i dei selskap som er omfatta av denne bestemminga.

Det kan og vedtas å foreta ein forvaltningsrevisjon i selskapet. Denne er ikkje obligatorisk.

Aktuelle selskap for selskapskontroll vert oftast eigd saman med andre kommunar. For å få ei effektiv utnytting av ressursane og av omsyn til selskapa, har kontrollutvalet etablert ein praksis der dei største eigarane i hovudsak tar initiativ til selskapskontroll. Kontrollutvalet har foreløpig ikkje bestilt selskapskontroll for levering i 2012.

Følgjande tidligare vedtatte prosjekt skal følgjast opp i 2012::

- **Nord-Jæren Bompengeselskap AS**
- **Brannvesenet Sør-Rogaland IKS**

**Budsjett for kontroll og tilsyn**

Kontrollutvalet er ansvarlige for å fremja budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Departementet har uttalt at dette forslaget kun kan endrast politisk i forbindelse med budsjettbehandlinga.

Då kontrollutvalet er direkte underordna kommunestyret skal kontrollutvalets vurdering av det økonomiske behovet for kontroll- og tilsynsarbeidet alltid følgja med til kommunestyret ved behandling av årsbudsjettet.

**Andre oppgåver**

Kontrollutvalet kan be om orientering om kommunens drift innafor dei enkelte tenesteområda som eit ledd i tilsynet med kommunen.

Kommunestyret har valt å kjøpa revisjonstenester frå Deloitte AS. Kommunestyret skal i tillegg sørgje for uavhengig sekretærbistand til kontrollutvalet, og har her valt å kjøpa dette frå Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS. Begge desse tenestene skal ut på ny anbudsrunde dei komande åra; sekretariatet i 2012 og revisor seinast i 2013.

Arild Børge Skjæveland  
leiar i kontrollutvalet

Ove Horpestad, nestleiar

Sigrid Lærdal

Siri Øksnevad Olsen

Reidar B. Thu

## Vedlegg til årsplanen

Oversikten inneheld kjende saker. Tidspunkt for behandling av dei ein-skilde sakene kan bli endra.

### Møte 1: 1. mars 2012

- Opplæring: Kommuneøkonomi og kommunerekneskap – kvar finst dei viktigaste tala?
- Bestilla forvaltningsrevisjon for utføring i 2012
- Invitera administrasjon til å koma med innspel til Plan for forvaltningsevisjon, fastsetja tidspunkt for møte med gruppeleiarar
- Kontrollutvalets årsmelding for 2011
- Budsjettoppfølging kontroll og tilsyn – 3. tertial 2011

### Møte 2: 19. april 2012

- Uttale til Klepp kommunes rekneskap/årsmelding for 2010
- Skatteregnskapet for 2010
- Vidare arbeid med Plan for forvaltningsrevisjon

### Møte 3: 14. juni 2012

- Opplæring: Kva er og korleis vert forvaltningsrevisjon gjennomført?
- Tertialrapportering Klepp kommune
- Vidare arbeid med Plan for forvaltningsrevisjon
- Tertialrapportering kontrollutvalets budsjett
- Revisors uavhengighetserklæring for 2012

### Møte 4: 6. september 2012

- Budsjett for kontroll og tilsyn 2012
- Plan for selskapskontroll vert lagt fram til behandling
- Vidare arbeid med Plan for forvaltningsrevisjon
- Oppfølging av merknader i revisors årsoppgjernet
- Møteplan for 2013
- Val av prosjekt for levering av prosjektmandat for forvaltningsrevisjon 2012 – (under føresetnad av at ny plan vert godkjent)

### Møte 5: 29. november 2012

- Opplæring : Habilitet og habilitetsreglar
- Siste frist for å vedta ny Plan for forvaltningsrevisjon
- Tertialrapportering Klepp kommune
- Budsjettoppfølging kontroll og tilsyn pr 2. tertial 2012
- Kontrollutvalets årsplan for 2013
- Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2012

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800153  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

|                                                         |                               |                                   |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------|
| <b>Behandles av utvalg:</b><br>Kontrollutvalget i Klepp | <b>Møtedato</b><br>24.11.2011 | <b>Utvalgssaksnr.</b><br>36 /2011 |
|---------------------------------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------|

## **STATUSOVERSIKT PR. NOVEMBER 2011**

### **Bakgrunn:**

Sekretariatet legg til kvart møte fram ei orienteringssak som viser oversikt over status på forvaltningsrevisjonsprosjekt, selskapskontrollar og evt. andre prosjekt/utgreiingar som er bestilt av kontrollutvalet. Oversikta viser kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, og når desse skal følgjast opp av kontrollutvalet. Til slutt vil det komma ei oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla av kontrollutvalet i den inneverande perioden. Lista som ligg ved denne gongen er frå føregåande periode, og vil bli tatt vekk ved neste oversikt.

### **Saksutredning:**

Alle prosjekta som kontrollutvalet bestiller skal vera med bakgrunn i planer som er vedtatt av kommunestyret, eller med bakgrunn i pålegg frå kommunestyret. Kontrollutvalet er og delegert mynde til å fråvika planen i spesielle høve. Både ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll for den inneverande kommunestyre- perioden er vedtekne av kommunestyret i Klepp.

Til dette møtet ligg det føre sak om bestilling av mandat til nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2012.

Forslag til

### **VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikt pr november 2011 til orientering.](#)

SANDNES, 11.11.2011



Wencke S. Olsen  
Skr.leder

Vedlegg:  
[Statusoversikt](#)

[Tilbake](#)



## Kontrollutvalet i Klepp

### Oversikt over status prosjekt og kontrollar – november 2011

#### *Vedtekne prosjekt under arbeid:*

| <i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i> | <i>Vedtatt igangsett</i> | <i>Estimert timeforbruk</i> | <i>Status/forventa ferdigstilt til</i> |
|--------------------------------------|--------------------------|-----------------------------|----------------------------------------|
| <i>Selskapskontrollar</i>            |                          |                             |                                        |
| Nord-Jæren Bompengeselskap AS        | 02.12.10                 | 30 t                        | <i>Til behandling</i>                  |

#### *Prosjekt behandla i kontrollutvalet som venter på oppfølging eller er ferdigbehandla:*

| <i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>      | <i>Bestilt</i> | <i>Behandla</i> | <i>Oversendt kommunen</i> | <i>Planlagt oppfølging og svarfrist</i> | <i>Status</i>                    |
|-------------------------------------------|----------------|-----------------|---------------------------|-----------------------------------------|----------------------------------|
| Prosjektstyring                           | 22.04.2010     | 14.04.2011      | 18.04.2011                | 1. halvår 12                            |                                  |
| Innkjøp                                   | 23.04.2009     | 26.11.09        | 01.12.09                  | 6 mnd etter kst-vedtak                  | <i>Oppfølging til behandling</i> |
| Legevaktttenesta                          | 2007/20.02.08  | 11.12.2008      | 14.12.2008                |                                         | <i>Ferdigbehandla</i>            |
| Barnevern                                 | 12.06.2008     | 23.04.2009      | 27.04.2009                |                                         | <i>Ferdigbehandla</i>            |
|                                           |                |                 |                           |                                         |                                  |
| Vedlikehald og inneklima i kommunale bygg |                | 27.11.06        |                           | 2008                                    | <i>Ferdigbehandla</i>            |
|                                           |                |                 |                           |                                         |                                  |
| <i>Selskapskontrollar</i>                 |                |                 |                           |                                         |                                  |
| IVAR IKS                                  | 11.12.08       | 22.04.10        | 26.04.10                  | 2011                                    | <i>Oppfølging til behandl.</i>   |
| Lyse Energi AS                            | 30.04.07       | 30.04.08        | 3/5-08                    |                                         | <i>Ferdigbehandla</i>            |
| Brannvesenet i Sør- Rogaland IKS          | 02.12.10       | 16.06.11        | 20.06.11                  | 2012                                    |                                  |

[Tilbake til toppen](#)